



98-gutane, her på heimebane, har gjort ein stor innsats.

Rosendals gutar 98 med solid innslag frå Uskedalen på laget tapte 3-2 for Fana på Nesttun kunstgrasbane tysdag kveld. Dermed var marsjen mot krinsmeisterskapet over for kvinnheringane.

Gutane frå Uskedalen var med og gjorde det til ein flott kveld sjølv om dei måtte reise heim med tap. Det var ein spennande kamp til siste minutt og gjestene hadde fleire gode sjansar på slutten. Kampen var jamnspelt og Rosendal kunne lett ha trukke det lengste strået.



[Gutane takkar for kampen på Nesttun](#)

Gutane frå Uskedalen har mykje av æra for at laget kom så langt. Kjartan spela ein stor kamp i forsvaret og Marius var god på midtbanen. Sondre og Emil spela i angrepet og skapte fleire store sjansar. Sondre sette inn ballen med eit flott skot i tverrliggjaren og rett i nota.

Åge Myklebust har gjort ein flott jobb med laget som har gjeve oss så mange gode opplevingar og markert laget langt utanfor Kvinnherad. Denne gongen var 4 med: Marius Myklebust, Sondre S. Myklebust, Kjartan Tungesvik og Emil Bakke Berntsen

Tekst: Ragnvald Myklebust

Foto: Ragnvald Myklebust og Ola Matti Mathisen